



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	15.06.2023	81/23
Kommunestyret	22.06.2023	79/23

Vurdering av eigarskap i Notodden Lufthavn Eiendom AS

Vedlegg

- 1 2023-0525 Vinje kommune Formannskap.pdf

Bakgrunn

Notodden lufthavn arbeider med reetablering av rutetrafikk ved lufthamna. Målet er å få på plass innanlandstrafikk i løpet av 2024. Det er inngått ein intensjonsavtale med Widerøe i høve til dette.

Flyplassen har også moglegheiter for å etablere utanlandsruter. Avklaringar er gjort med politi og tollmynde. Utanlandstrafikk føreset eit større terminalbygg. Dette er eit større regionalt samfunnsutviklingsprosjekt som gir meirverdi til nabokommunar og regionen som heilskap. Notodden kommune har etablert eit selskap for oppføring av terminalbygget og satt inn 7 millionar kr i aksjekapital. For å ha høve til å etablere ein terminal som òg kan handtere utanlandstrafikk er det behov for ytterlegare eigenkapital. Nabokommunane Tinn og Vinje er invitert til å investere i terminalselskapet for å realisere dei moglegheitene som utanlandstrafikk inneber for samfunnsutvikling, næringsliv og turistnæring øvre Telemark.

Det har sidan 2016 vert satsa på oppgradering og utvikling av *Notodden lufthavn*. Målet er at *Notodden Lufthavn* skal bidra til vidare utvikling av næringslivet generelt, og eksportindustrien og reiselivsnæringa spesielt, både i fylket og regionen vest for Oslo, med eit kortreist, tidseffektivt og godt tilbod for kommersiell transport av passasjerar og gods, både i og utanfor landet.


I 2018/2019 investerte Notodden kommune og Telemark fylkeskommune totalt 20 millionar i forlenging av rullebana. Det er òg gjennomført ei rekke andre oppgraderingsprosjekt knytt til regelverkskrav, tilrettelegging for ny næringsaktivitet og for å gjere lufthamna klar for fly i både kategori B (typisk 30-40 seter) og C (opp mot 110-130 seter).

I 2022 blei det sendt søknad til Samferdselsdepartementet om eit eingongs investeringsbeløp på 81,6 millionar. Midlane skal finansiere ein del større prosjekter og investeringar i utstyr og materiell. Nokre av desse investeringane må gjerast uavhengig av storleik på flya som skal betene flyplassen, mens andre berre er nødvendig for å betene kategori C-flya. Bygging av sjølv terminalbygget inngår ikkje i dei omsøkte midlane. Det er per mai 2023 ikkje mottatt nokon tilbakemelding på søknaden.

I februar 2023 inngjekk *Notodden Lufthavn AS* og *Widerøe AS* ei intensjonsavtale med felles målsetjing om oppstart av eit rutetilbod mellom Notodden og Bergen med oppstart frå april 2024. Rutetilbodet vil i første omgang trulig bli betent av Widerøes Dash-8 -maskiner.

Reiselivsnæringa har òg signalisert at det er ønskeleg å setje opp utanlandsruter (bl.a. England og Sverige) for å hente turister *til* regionen. Dette blir understøtta av satsinga på utanlandsturister i regi av Visit Telemark. Samferdselsdepartementet har òg til handsaming søknad frå *Notodden Lufthavn AS* om å bli kategorisert som ei *internasjonal* lufthamn (framfor *nasjonal*). Internasjonal status er ikkje ein føresetnad for å kunne ta imot fly og passasjerar frå utlandet, men vil forenkle handteringa vesentleg.

Den nye passasjerterminalen er planlagt lokalisert i nærleiken av tidlegare flyterminal og tårnet:



Bilde 1: Illustrasjon plassering - ikkje målsatt

Likelydande saksframstillingar blir lagde fram i Notodden, Tinn og Vinje.

Vurdering

Finansiering av terminal

Terminalbygget (liten terminal tilpassa innanlandstrafikk) var planlagt fullfinansiert gjennom eit eigedomsselskap sin aksjekapital. Selskapet er etablert *Notodden lufthavn eiendom AS*. Notodden kommune har skote inn ein aksjekapital på 7 millionar. Resterende finansieringsbehov var planlagt som låneopptak. Lånet skal betalast av driftsselskapet, *Notodden Lufthavn AS*, gjennom husleige til eigedomsselskapet.

Byggekostnadene har auka gjennom prosjekteringsperioden, dels grunna dei areal- og funksjonskrav som blir sett til ein passasjerterminal. Skal terminalen kunne handtere både nasjonale og internasjonale flygingar, aukar investeringsbehovet ytterlegare. Dette, saman med auka rente – og pårekneleg fleire renteauker framover – medfører at låneutgiftene blir høgre enn kva driftsselskapet kan handtere gjennom betaling av husleige. For å realisere ein terminal som legg til rette for framtidig utanlandstrafikk er det derfor behov for auka eigenkapital.

Prosjektet står nå ved eit vegskilje. Skal det byggast innanlandsterminal, eller skal det bygge for utanlandstrafikk?

1) Innanlandsterminal	
Fordel(ar)	Konsekvens(ar)
• Areal avsett til Tolletaten og grensepoliti kan frigjerast, minimum 250m² • Mindre bygg reduserer byggekostnad med ca. 15 millionar • Mindre bygg gir lågare årlege driftskostnader • Innanfor eksisterande finansieringsrammer	• Ikkje mogleg med passasjertrafikk til og frå utlandet • Framtidig utviding til å inkludere toll og grensepoliti vil vere svært utfordrande. Dette er funksjonar som må plasserast sentralt i terminalen og en framtidig ombygging vil medføre at bygget må stengast i lengre periode. • Lågare rute- og passasjerpotensial

2) Utanlandsterminal	
Fordel(ar)	Konsekvens(ar)
• Mogleg med passasjertrafikk til og frå utlandet • Ikkje behov for ombygging / utviding på seinare tidspunkt for å få inn andre funksjonar (kan bli nødvendig mtp. kapasitet). • Høgare rute- og passasjerpotensial	• Større bygg med høgre byggekostnad • Større bygg gir noko høgre årlege driftskostnader • Utanfor eksisterande finansieringsramme, og krev finansieringsbidrag frå andre aktørar enn Notodden kommune

Notodden Lufthavn Eiendom AS og Notodden Lufthavn AS vurderer både at det vil vere ein fordel å bygge ein terminal tilpassa utanlandstrafikk. Dette med bakgrunn i uttrykte tilbakemeldingar fra industri- og reiselivsnæringen i heile regionen om at det er behov for moglegheiten til å reise til og frå utlandet via Notodden lufthavn.

Bygging av ein utanlandsterminal krev finansieringsbidrag frå andre aktørar enn Notodden kommune.

På grunn av det avgrensa fysiske handlingsrommet, men òg for å halde byggekostnadene nede, er det til dette formålet prosjektert eit plasseffektivt bygg med ei grunnflate (BYA) på maks 1 500m². Dette inkluderar dei nødvendige areala for å handtere opp mot 120 reisande og deira bagasje, sikkerheitskontroll, kontor og driftsfunksjoner, samt behova til Tolletaten og grensepolitiet (passkontroll).

Terminalen er ferdigprosjektert og klar for å leggast ut på anbod som en totalentreprise. Totalkostnaden er estimert til 35 millionar.

Finansieringsmodell, alternativ 2

Byggekostnad	35 MNOK	
- Egenkapital	7 MNOK	
- Lån	13 MNOK	
= Manglende finansiering	15 MNOK	= Behov for finansieringsbidrag

Notodden kommune inviterer kommunane Vinje og Tinn inn som medeigarar i eigedomsselskapet. Som medeigarar vil Tinn og Vinje i ein selskaps/aksje-avtale få en eigadel basert på innskoten aksjekapital. Det vil ikkje kome driftsutgifter eller inntekter/avkastning som følge av aksjeinnskotet. Leigeinntektene av eigedomen skal gå til dekking av gjeld, drift og vedlikehald av bygget.

Økonomi

For eigarkommunane av *Notodden Lufthavn Eiendom AS* utgjør innskotet av aksjekapital ein risiko. Risiko kan vere at ein ikkje lukkast med å etablere flyruter eller at dei forsvinn som følge av endringar i transport og reisemønster i framtida. At innskotet gjennomførast som eit aksjeinnskot med ein eigadel reduserer risikoen monaleg i motsetnad til eit reint tilskot. Eigardelen utgjør ein verdi som kan tilbakeførast dersom terminalbygget i framtida skal realiserast (bygget vil ha ein verdi som industribygg, bygg til lufthamnformål eller handel).

Miljø og klima

Ei etablering av flyruter på lufthamna vil kunne bidra til kortare transport langs veg og der i gjennom redusere dei totale utsleppa frå regionens reisebehov.

Eigarstrategien for lufthamna definerer den som ei nærings- og teknologilufthamn som vil ta ei tydeleg rolle når det gjeld større dronar og elektriske fly på kortbanenettet i tida framover.

Oppsummert

Ein utanlandsterminal føreset ei auka finansiering. Notodden kommune arbeider vidare med moglegheitene for å realisere utanlandsterminalen. Ei realisering av denne er mest praktisk å gjere når bygget blir oppført. Det er òg mogleg å etablere som eit tilbygg i ettertid men dette vil gje ei dyrare løysing totalt sett.

For å realisere ein utanlandsterminal må finansieringa av bygget aukast med 15 millionar kr. Notodden kommune inviterer nabokommunar inn som medeigarar i prosjektet. Om det lukkast å reise nødvendig kapital vil ein terminal tilpassa utanlandstrafikk kunne realiserast. Om ikkje vil Notodden kommune bygge ein mindre terminal tilpassa innanlandstrafikk. Ei eventuell utviding vil i så fall måtte kome på eit seinare tidspunkt.

Rådmannens framlegg til vedtak

Vinje kommune teiknar seg for ein aksjekapital på kr 5 millionar kr i *Notodden Lufthavn Eiendom AS*.

Vilkåret er at prosjektet med utanlandsterminal blir fullfinansiert.

Det er ikkje forventa utbyte på aksjane.

Formannskapet si handsaming av sak 81/2023 i møtet den 15.06.2023

Røysting

Framlegget frå rådmannen blei vedteke med 5 mot 1 røyst.

Vedtak

Vinje kommune teiknar seg for ein aksjekapital på kr 5 millionar kr i Notodden Lufthavn Eiendom AS.

Vilkåret er at prosjektet med utanlandsterminal blir fullfinansiert.

Det er ikkje forventa utbyte på aksjane.

Saksordførar: Ane Killingtveit

Kommunestyret si handsaming av sak 79/2023 i møtet den 22.06.2023

Røysting

Framlegg frå Bjørn Arne Lindskog:

Saka blir utsett til ein veit om Statsforvaltaren vil godta regulering av Heddøla.

Røysting:

Framlegget til Lindskog fall med 14 mot 9 røyster.

Formannskapetets framlegg blei vedteke med 13 mot 10 røyster.

Oversikt over røystinga:

Forslag frå B. A. Lindskog (H) - utsetting av saka - Falt	
Røysta JA 9	Røysta NEI 14
Senterpartiet (3/13) - Birgit Tveito - Olav Nordstoga - Tor Mølster Byggland Sosialistisk Venstreparti (3/3) - Kari Omdal Tveito - Nils Johan Svalastog Garnes - Øystein Høgetveit Høyre (2/2) - Arne Skogheim - Bjørn Arne Lindskog Fremskrittspartiet (1/1) - Ånon Lognvik	Senterpartiet (10/13) - Jon Rikard Kleven - Tone Edland - Liv Sigrun Nykos Midtun - Gunnar Haugo - Ane Killingtveit - Kjetil Nessæther - Asbjørg Øygarden Neset - Ragnhild Sølberg - Hilda Vaa - Marvin Ånund Haugen Arbeiderpartiet (3/3) - Bertin Bjåen - Svein Henry Ekre - Asbjørn Gardsjord (sett manuelt av Reidun Maria Espebu Lofthus) Kristelig Folkeparti (1/1) - Bjørnar Kalbach Christensen

Formannskapetets framlegg - Vedtatt	
Røysta JA 13	Røysta NEI 10
Senterpartiet (11/13) - Jon Rikard Kleven - Tone Edland - Liv Sigrun Nykos Midtun	Senterpartiet (2/13) - Birgit Tveito - Tor Mølster Byggland - Arbeiderpartiet (1/3)

• Gunnar Haugo • Ane Killingtveit • Kjetil Nessæther • Asbjørg Øygarden Neset • Olav Nordstoga • Ragnhild Sølberg • Hilda Vaa • Marvin Ånund Haugen Arbeiderpartiet (2/3) • Bertin Bjåen • Asbjørn Gardsjord (sett manuelt av Reidun Maria Espebu Lofthus)	• Svein Henry Ekre Sosialistisk Venstreparti (3/3) • Kari Omdal Tveito • Nils Johan Svalastog Garnes • Øystein Høgetveit Høyre (2/2) • Arne Skogheim • Bjørn Arne Lindskog Fremskrittspartiet (1/1) • Ånon Lognvik Kristelig Folkeparti (1/1) • Bjørnar Kalbach Christensen
---	--

Vedtak

Vinje kommune teiknar seg for ein aksjekapital på kr 5 millionar kr i Notodden Lufthavn Eiendom AS.

Vilkåret er at prosjektet med utanlandsterminal blir fullfinansiert.

Det er ikkje forventa utbyte på aksjane.

Saksframlegg er godkjent av , .